



PROTOKOLL FOR TIME KOMMUNESTYRE

Møtenr.: 1
Møtedato: 18.02.2026
Tidspunkt: 17:00 - 19:25
Stad: Kommunestyresalen

Desse møtte:

AP	Hannah Owe Hope	H	Svein Bø
AP	Karen Hognestad Liland	INP	Inge Bjørnsen
AP	Kjell Olav Stangeland	KRF	Anders Undheim
FRP	Elida Paulsen Salte	KRF	Bjørghild Underhaug
FRP	Gaute Stokka	KRF	Kjetil Hustoft
FRP	Thor Inge Kalberg	SP	Jone Fosse
H	Andreas Vollsund	SP	Nils Martin Sikveland
H	Iren Lassen	SP	Ranveig Undheim
H	Kirsten Oma Alstadsæter	SP	Tarald Magne Oma
H	Kjetil Eide	SV	Beate Aasen Bøe
H	Lars Enevoldsen	SV	Øystein Nereng
H	Ole Jørgen Alstadsæter	V	Endre Vollsund
H	Pål Undheim		
H	Rein Harald Salte		

Forfall

H Gretha Braut Nese Aamodt

Som vara møtte

H Thomas Liland-Vik

Frå administrasjonen møtte: Kommunedirektør Trygve Apeland og formannskapssekretær Tone Storesætre.

Saklista vart godkjent med to spørsmål frå Karen H. Liland og Hannah Owe Hope.

Presentasjon før beh. av sak 008/26 Eierskapskontroll IVAR IKS v/revisor Martin Schanche-Olsen.

Sak 008/26 behandla før sak 003/26.

Bryne, 18.02.2026

Andreas Vollsund
ordfører

Tone Storesætre
formannskapssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
001/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
002/26	GODKJENNING AV PLAN FOR NATURMANGFALD 2025-2035
003/26	FORSLAG TIL KORLEIS EL-SPARKEZYKLAR OG UMLEIGESELKAP SKAL HANDTERAST I TIME
004/26	FORSLAG TIL REVIDERT GRAVEREGLEMENT FOR OFFENTLIGE AREAL I TIME KOMMUNE
005/26	OPPMODING OM BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2026
006/26	AVTALE OM VERTSKOMMUNESAMARBEID OM INTERKOMMUNAL SAMHANDLINGSLEDER I HELSEFELLESSKAPET I SØR-ROGALAND
007/26	STATUS FOR HELSEFELLESSKAPET I SØR-ROGALAND
008/26	EIERSKAPSKONTROLL MED FORVALTNINGSREVISJON AV IVAR IKS
009/26	SØKNAD OM FRITAK SOM VARAREPRESENTANT I SENIOR- OG BRUKARRÅDET
010/26	REFERATSAKER
011/26	SPØRSMÅL TIL ORDFØRAR FRÅ KAREN H. LILAND - LÆRARNORMA
012/26	SPØRSMÅL TIL ORDFØRAR FRÅ HANNAH OWE HOPE - LESING OG SKULEBIBLIOTEK

001/26 : Godkjenning av protokoll

Time kommunestyre

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 001/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 10.12.2025 vert godkjent.

002/26 : Godkjenning av Plan for naturmangfald 2025-2035

Time kommunestyre

Alternativt forslag frå **Øystein Nereng (SV)**

Time kommunestyre godkjenner Plan for naturmangfald 2025-2035 for Time kommune.

Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 18 røyster medan 9 røysta for Øystein Nereng sitt forslag (Ap, INP, Bjørghild Underhaug og Kjetil Hustoft (KrF), SV, V).

KS - 002/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner ikkje Plan for naturmangfald 2025–2035.

Vedtaket er grunna i at Time kommune allereie er styrt av eit omfattande nasjonalt og regionalt rammeverk for naturmangfald, og at ein ny kommunal temaplan tilfører lite praktisk betydning for styringa av kommunen.

003/26 : Forslag til korleis el-sparkesyklar og utleigeselskap skal handterast i Time

Time kommunestyre

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)** Endring punkt 3:

Kommunedirektøren skal legge fram evaluering av avtalen innen junimøtet i ULK 2027.

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)** Nytt punkt 6:

Tillegg til punkt 12 i forslag til avtale:

Det skal etablerast forbudsone i Storgata, på torget og i Laurits Bellesens gate.

Alternativ forslag frå **Jone Fosse (Sp)**

Time kommune forbyr utleige av el-sparkesyklar av folkehelseperspektiv.

Kommunen skal heller prioritere / legge tilrette for meir utleige av el-syklar på fleire plassar i Time kommune

Pkt. 3: Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 14 røyster medan 13 røysta for Beate Aasen Bøe sitt forslag (AP, Pål Undheim og Thomas Liland-Vik (H), INP, SP, SV, V).

Forslaget frå Beate Aasen Bøe nytt pkt 6. fekk 9 røyster og falt (Ap, Sp, SV).

Punkt 1, 2, 4 og 5: Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 23 røyster medan 4 røysta for Jone Fosse sitt forslag (Sp).

KS - 003/26 Vedtak:

1. *Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med utleigeselskap for el-sparkesykkel, med formål om å inngå avtale mellom Voi og Time kommune. Avtalen skal vere etter modell frå Sandnes/Klepp, samt i tråd med føringar i dette saksframlegget.*
2. *Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Voi og eventuelt nye avtalar med andre aktørar på same vilkår.*
3. *Ordninga skal evaluerast etter to år.*
4. *Kommunestyret vedtar gebyr for feilparkerte el-sparkesyklar. Satsen vert sett til kr 900 frå 1.1.26 og regulert kvart år i samband med komande økonomiplanar.*
5. *Tillegg i vilkåra i kulepunkt 18 “..... og shared space”.*

004/26 : Forslag til revidert gravereglement for offentlige areal i Time kommune**Time kommunestyre**

Innstillinga frå ULK vart samrøystes vedtatt.

KS - 004/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedagde forslag til revidert gravereglement for offentlige areal i Time kommune.

Gebyrsatser blir fastsatt i økonomiplanen.

005/26 : Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026**Time kommunestyre**

Notat datert 05.02.2026 var sendt ut før møtet.

Alternativt forslag frå **Gaute Stokka (FrP)** Pkt. 1:

Time kommunestyre vedtek å busetta 15 flyktningar i 2026.

Forslag frå **Endre Vollsund (V)** Pkt. 1:

Time kommunestyre vedtek å busetta 47 flyktningar i 2026. Dette er i tråd med det som IMDi har oppmoda om i 2026.

Forslaget frå Gaute Stokka fekk 2 røyster og falt (Gaute Stokka og Thor Inge Kalberg (FrP)).

Pkt. 1: Innstillinga frå FSK vart vedtatt med 16 røyster medan 11 røysta for Endre Vollsund sitt forslag (Ap, Kjetil Hustoft (KrF) Sp, SV, V).

Pkt. 2 og 3: Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 005/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre vedtek å busetta 30 flyktningar i 2026.*
2. *Talet på busette flyktningar er avhengig av tilgjengelege bustader.*
3. *Kommunedirektøren får mynde til å gjera nødvendige justeringar av tenesteproduksjonen for å handtera både busetting og integrering av flyktningar.*

006/26 : Avtale om vertskommunesamarbeid om interkommunal samhandlingsleder i Helsefellesskapet i Sør- Rogaland**Time kommunestyre**

Ordførar Andreas Vollsund (H) ba om å få vurdert si habilitet, jf. Fvl. § 6. andre ledd. Kommunestyret erklærte Andreas Vollsund habil (26 røyster).

Innstillinga frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

KS - 006/26 Vedtak:

1. *Kommunesiden i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland styrker sekretariatsfunksjonen for kommunene i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland fra 50 til 100% stilling som interkommunal samhandlingsleder. Stavanger kommune viderefører rollen som vertskommune for interkommunal samhandlingsleder*
2. *50% av stillingen finansieres gjennom tilskudd fra Helsedirektoratet. Resterende kostnader fordeles likt per innbygger mellom deltakerkommunene.*
3. *Avtalen om vertskommunesamarbeid gjelder inntil den sies opp av en av partene, jamfør vertskommuneavtalen.*

007/26 : Status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland**Time kommunestyre**

Innstillinga frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

KS - 007/26 Vedtak:

Kommunestyret tar status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland til orientering.

008/26 : Eierskapskontroll med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS**Time kommunestyre**

Notat datert 16.02.2026 var sendt ut før møtet med ei oppdatering av nokon punkter i innstillinga som låg dobbelt.

Leiar av kontrollutvalet Lodve Haugland ba om ordet før behandling av saka.

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 008/26 Vedtak:

Kommunestyret i Time tar den fremlagte eierskapskontrollen med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS til orientering.

Kommunestyret ber om at følgende punkter følges opp av eierne, styret og administrasjonen:

Ber eierne om å:

- *Sikre at eierskapsmelding utarbeides minst én gang i valgperioden og vedtas av kommunestyret iht. kommuneloven §26-1.*
- *Eierkommunene bør revidere og vedta en felles eierstrategi med klare og langsiktige målsom bidrar til å skape forutsigbare rammevilkår for selskapet. Eierne bør videre påse at eierstrategien blir revidert i tråd med tidsplanen som er vedtatt.*
- *Vurdere om dagens krav om revisjon av eierstrategien minst én gang per kommunevalgperiode fortsatt er nødvendig, eller vurdere om en lengre frekvens basert på en jevnlig evaluering i sammenheng med rullering av eierskapsmelding er mer hensiktsmessig.*
- *Påse at det er tydelig av selskapsavtalen om deltakerne har innskuddsplikt eller plikt til å foreta andre ytelser, og hvordan slike forpliktelser eventuelt skal reguleres jf. IKS-loven § 4.*
- *Sikre gjennom selskapets eierorgan, kontinuitet i styret og at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset selskapets formål og virksomhet.*
- *Sikre at valgkomiteen får reelt handlingsrom til å vurdere og foreslå kandidater til styret basert på selskapets behov.*
- *Styrke valgkomiteens arbeid ved å kreve at innstillingen inneholder presentasjon av kandidatene, vurdering av deres uavhengighet, og begrunnelse knyttet til styrets samlede kompetanse og sammensetning.*
- *Vurdere om det bør unngås å oppnevne ordfører eller kommunedirektør som styremedlemmer i kommunalt eide selskaper.*
- *Vurdere om det bør etableres faste rutiner for håndtering av habilitet i styret, og eventuelt sikre at vurderinger dokumenteres og føres i møteprotokoller ved behov.*
- *Vurdere praksisen med overlappende styremedlemmer i morselskap og datterselskap på nytt.*
- *Vurdere å samordne eierkommunenenes krav og forventninger til bærekraft, klima og miljø i større grad.*

Ber styret og administrasjonen om å:

- *Etablere rutiner for at styret gjennomfører årlige evalueringer av eget arbeid og kompetanse.*
- *Vurdere behovet for å utvikle et system for opplæring av nye styremedlemmer, som omfatter både generell styreopplæring og innføring i IVARs virksomhet og rammebetingelser.*
- *Vurdere å etablere mer systematiske og dokumenterte rutiner for årlig vurdering av risikoområder og internkontroll i styret.*
- *Vurdere å revidere finansreglementet og sikre at rapportering er i tråd med vedtatte retningslinjer.*

Ber styret om å:

- *Det bør utarbeides tydeligere instruks for styret og daglig leder.*

Ber eierne, styret og administrasjonen om å:

- *Sikre at selskapet og eierkommune følger ny tolkning av selvkost regelverket.*

Oppfølging av konklusjonene i rapporten blir sendt til kommunestyret via kontrollutvalget ca. 6 –8 måneder etter vedtak er fattet i kommunestyret.

009/26 : Søknad om fritak som vararepresentant i senior- og brukarrådet**Time kommunestyre**

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 009/26 Vedtak:

1. *Steinar Undheim får fritak som vararepresentant i senior-og brukarrådet frå 18.02.2026 og ut valperioden.*
2. *Turid Barvik vert vald som 1. vararepresentant for pensjonistlaga. Valet gjeld frå 18.02.2026 og ut valperioden.*

010/26 : Referatsaker**Time kommunestyre**

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 010/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

011/26 : Spørsmål til ordfører frå Karen H. Liland - Lærarnorma

Time kommunestyre

Ordfører Andreas Vollsund (H) svara på spørsmålet og Karen Hognestad Liland (AP) takka for svaret.

012/26 : Spørsmål til ordfører frå Hannah Owe Hope - Lesing og skulebibliotek

Time kommunestyre

Ordfører Andreas Vollsund (H) svara på spørsmålet.